



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Håvard Rød, 5557 2143

Vår dato
11.04.2014
Dykkar dato
31.01.2014

Vår referanse
2013/16208 331.1
Dykkar referanse
14/399

Meland kommune,
Postboks 79,
5906 Frekhaug

MELAND KOMMUNE - BUDSJETT FOR 2014

Fylkesmannen har motteke særutskrift av kommunestyresak om budsjett for 2014, vedteke i kommunestyremøte 11.desember 2013.

Kommunen er under statleg kontroll og godkjenning etter kommunelova § 60.

Etter § 15 i forskrifter om årsbudsjettet skal årsbudsjettet, slik det er vedteke av kommunestyret, liggja føre som eige dokument innan 15. januar. Økonomiske oversyn må vera utarbeidd innan 1. mars i budsjettåret.

Etter kommunelova § 45 tredje punkt skal innstillinga til årsbudsjett ha vore lagt ut til offentlig gjennomsyn i minst 14 dagar før handsaming i kommunestyret.

Det er lagt opp til reduksjon i skatteøyret for kommunane frå 11,6 prosent i 2013 til 11,4 prosent i 2014.

Frie inntekter

Kommunen har budsjettert med kr. 185,4 mill. i skatt på eige og inntekt for 2014.

I 2013 var det ein samla skatteauke for kommunane i landet på 5,7 %. Det er no rekna med ein skatteauke for kommunane frå 2013 til 2014 med 3,7 %.

Kommunen sitt skattenivå i 2013 var 87,6 prosent av landsgjennomsnittet.

I rammeoverføring til kommunane er det symmetrisk inntektsutjamning. Kommunar med skattenivå over landsgjennomsnittet får eit trekk i 2014 tilsvarande 60 prosent av differansen mellom eige skattenivå og landsgjennomsnittet.

Kommunar med skattenivå under landsgjennomsnittet får kompensasjon i 2014 tilsvarande 60 % av differansen mellom landsgjennomsnittet og eige skattenivå. Kommunar med skattenivå under 90 % av landsgjennomsnittet får også tilleggskompensasjon tilsvarande 35 % av differansen mellom 90 prosent av landsgjennomsnittet og eige skattenivå.

Kommunen sine frie inntekter består av ordinær skatt og statleg rammeoverføring, medrekna inntektsutjamning. Sum frie inntekter er budsjettert til kr. 370,0 mill.

Inntektsprognosene for 2014 er no oppdatert med endelige innbyggjartal pr. 01.01.2014 og innkomen skatt i 2013. Grunnlaget for inntektsutjamninga vil vere innbyggjartal pr. 01.01. 2014. For innbyggjartilskot og aldersfordelinga i utgiftsutjamninga er grunnlaget innbyggjartal pr. 01.07.2013.

Den siste inntektsprognosene for 2014 for kommunen er kr. 367,5 mill., det vil seie kr. 2 ½ mill. mindre i inntekt enn det kommunen har budsjettet. Dei frie inntektene kan på denne bakgrunn vere budsjettet for høgt. Årsaka til dette er at kommunen la til grunn eit noko for høgt innbyggjartal pr. 01.01.2014 i budsjettgrunnlaget.

Fylkesmannen legg til grunn at dei budsjetterte frie inntektene blir justerte til eit realistisk nivå i samband med budsjettrevisjonen i juni d.å.

Eigedomsskatt

Det er budsjettet med om lag kr. 22,9 mill. i eigedomsskatt for 2014.

Eigedomsskatten for 2014 er sju promille på verk og bruk. Denne delen av eigedomsskatten utgjer kr. 5,25 mill. av samla eigedomsskatt i budsjettet.

Det er vedteke å auka eigedomsskatten på bustader og fritidseigedomar frå tre promille i 2013 til fem promille i 2014. Eigedomsskatten på bustader og fritidseigedomar utgjer kr. 17,65 mill. i budsjettet.

Innkomen eigedomsskatt i 2013 var om lag kr. 15,9 mill. Auka eigedomsskatt frå innkomen skatt i 2013 (kr. 15,9 mill.) til budsjett 2014 (kr. 22,9 mill.) skuldast i hovudsak opptrappinga av skatteøyre frå tre promille til fem promille på bustader og fritidseigedomar. Budsjetterte eigedomsskatteinntekter må rekna som realistiske.

Løns- og prisauke

Prisindikatoren for kommunesektoren for 2014 er i vedteke statsbudsjett 3,1 %. Pårekna lønnsvekst inngår i denne med 3 ½ prosent. Løn tel knapt 2/3 av prisindikatoren medan resten er pårekna prisvekst på varer og tenester.

Renteinntekter og utbytte

Renteinntekter og utbytte er til saman budsjettet med i underkant av kr. 15,4 mill. Utbytte frå BKK utgjer av dette kr. 6,0 mill. (0,76 prosent av kr. 800 mill.). Det er om lag på same nivå som utbyttet frå BKK var i 2013. Vi kan rekna med at utbytte frå BKK blir oppretthalde i 2014 men at det deretter blir redusert.

Det er også inntektsført utbytte kr. 7,0 mill. for 2014 frå Meland Utviklingsselskap AS. I 2013 var det ikkje teke utbytte frå selskapet. Budsjettet utbytte bygger på selskapet sitt pårekna resultat etter skatt for 2013. Bakrunnen for det høge utbyttet er store gevinstar frå sal av eigedomar i 2013.

Budsjettet utbytte frå Meland Utviklingsselskap AS er å rekna som ei eingongsinntekt. Det er ikkje ei inntekt som kan pårekna vidareført i fleire år. Det understrekar behovet for at kommunen må gjennomføra avsetjing til disposisjonsfond. Det vil vi kommentera nærmare under.

Avdrag

I økonomireglane er det gitt minimumskrav for storleiken på årlege avdrag. Etter kommunelova § 50 sjuande ledd kan attståande løpetid for kommunen si samla gjeldsbyrde ikkje overstiga den vegde levetida for kommunen sine anleggsmidlar ved det siste årsskiftet.

Kommunelova set eit minstekrav til totale låneavdrag for kommunen. Ein hovudregel vil vere at årlege låneavdrag som eit minimum må utgjere om lag $3\frac{1}{2}$ - 4 prosent av lånegjelda. Fylkesmannen tilrår kommunane at dei ordinære avdraga er minst fire prosent av lånegjelda.

Det er budsjettet med kr. 16,1 mill. i ordinære avdrag.

Ordinære avdrag i budsjettet utgjer om lag 3,9 prosent av lånegjelda pr. 01.01.2014 og oppfyller difor nesten det tilrådde minstenivået.

Driftsresultat

Kommunelova § 46 punkt 6 legg til grunn at det blir budsjettet med eit driftsresultat som minst er tilstrekkeleg til å dekka renter, ordinære avdrag og nødvendige avsetjingar (inkl. inndekning av underskot).

Paragraf 3 i forskriftene om årsrekneskapen presiserer nærmare det driftsrekneskapen og investeringsrekneskapen skal omfatta. Som hovudregel må til dømes ei inntekt og innbetaling som ikkje er ordinær bli ført i investeringsrekneskapen.

Frå og med 2010 har det vore endring i korleis kommunane kan disponera momsrefusjon frå investeringar. Det har vore ein overgangsperiode frå 2010 og til og med 2013 med aukande grad av overføring av momskompensasjon til finansiering av investeringar. Frå budsjett- og rekneskapsåret 2014 skal heile kompensasjonen for meirverdiavgift av investeringar bli inntektsført direkte i investeringsrekneskapen.

Det er tilrådd generelt at kommunane bør ha eit netto driftsoverskot i rekneskapen på minimum 3 % av driftsinntektene. Dette er viktig for å kunne setje av midlar til å møta ei mellombelts ubalanse på drifta og til finansiering av investeringar no eller seinare. Netto driftsoverskot vil i 2014 generelt bli svekka for kommunane som følgje av at momskompensasjon knytt til investeringar no blir inntektsført direkte i investeringsrekneskapen i staden for i driftsrekneskapen.

Kommunen hadde eit akkumulert rekneskapsunderskot ved utgangen av 2012 med kr. 18,1 mill. Av dette underskotet var kr. 13,9 mill. opparbeidd til og med 2011. Kr. 4,2 mill. av underskotet var for 2012.

Årsrekneskap for 2013 syner eit relativt stort netto driftsoverskot. Det gjer at heile det attstående rekneskapsunderskotet frå utgangen av 2012, kr. 18,1 mill., kan bli dekt inn i rekneskapen for 2013.

Det er ikkje vedteke økonomiplan for kommunen for perioden 2014 - 2017. Det er planlagt at kommunestyret skal handsama denne i juni. Fylkesmannen vil først vurdera å meld kommunen ut av Robek - registeret i juli eller august, det vil seie etter at både årsrekneskapen for 2013 og ny økonomiplan er handsama i kommunestyret. Kommunen må ha ein økonomiplan i balanse for kvart år for at kommunen skal kunne bli teken ut av Robek - registeret, i

tillegg til at heile det attståande rekneskapsunderskotet må vere dekt inn i den endelege vedtekne 2013-årsrekneskapen.

I budsjettet for 2014 var det innarbeidd underskotsinndeckning med kr. 13,8 mill. Det vil no ikkje bli behov for å gjennomføra denne underskotsinndeckninga. Kommunen hadde ved utgangen av 2013 ikkje noko midlar på disposisjonsfond. Fylkesmannen legg difor til grunn at dei midlane som no blir frigjorte som følgje av bortfall underskotsinndeckning i staden blir sett av til disposisjonsfond.

Netto driftsoverskot i rekneskapen for 2013 blir nytta til underskotsinndeckning, netto avsetjing til bundne fond og driftsfinansiering av investeringar (momskompensasjon). Etter dette står det att eit mindreforbruk i årsrekneskapen med om lag kr. 3,0 mill. Vi legg til grunn at dette mindreforbruket for 2013 blir nytta til å styrka disposisjonsfond.

Det er budsjettert med tilskot til private barnehagar med kr. 72,9 mill. Som følgje av at ny forskrift (rekneskap 2012 for kommunale barnehagar som berekningsgrunnlag for tilskot 2014) likevel ikkje blir innført i 2014, kan kommunen ha ei innsparing i høve til budsjettet.

Innsparing i tilskot til private barnehagar i høve til budsjettet bør nyttast til å redusera dei budsjetterte frie inntektene til eit realistisk nivå. Eventuell innsparing utover nødvendig inntektsreduksjon, bør nyttast til å styrka disposisjonsfond.

Det vil over tid vere ei uvisse knytt til tilskot til dei private barnehagane. Dette tilskotet utgjer mykje for kommunen sin økonomi. Kommunen er særleg sårbar for vekst i desse utgiftene. Det er ein av fleire viktige grunner til å opparbeide disposisjonsfond som driftsreserve.

Investering, lånegjeld og kapitalutgifter

Det er budsjettert med ordinære investeringar kr. 3,4 mill. Det er investeringar i kommunale bygg, IKT - investeringar m.m. Investeringane er planlagt finansierte med låneopptak (kr. 1,8 mill.) og bruk av kapitalfond (kr. 1,6 mill.).

Investeringane i vassverk og avlaup var opphavleg budsjettert med til saman kr. 10,4 mill. Investeringane blir fullt ut finansierte med låneopptak og må vere sjølvfinansierande gjennom avgiftene. Det er behov for å auka budsjettramma i 2014 for VA - investeringar frå kr. 10,4 mill. til kr. 14,35 mill. som følgje av meirforbruk og meirarbeid, samt forskyving av prosjekt frå 2013 til 2014. Utvidinga av budsjettramma for VA - investeringar er handsama i formannskapet i sak F26/2014.

Fylkesmannen godkjenner for 2014 låneopptak kr. 1,8 mill. til ordinære investeringar. Fylkesmannen godkjenner låneopptak kr. 14,35 mill. til avgiftsfinansierte investeringar i vassverk og avlaup.

Kommunestyret har i sak K08/2014 - budsjettendring - gjort vedtak om å ta opp lån kr. 7,0 mill. (Startlån) til vidareutlån. Fylkesmannen godkjenner vedtaket om låneopptak til vidareutlån.

Vi har rekna ordinær langsiktig gjeld pr. 31.12.2012 pr. innbyggjar for kommunane i fylket utanom Bergen til kr. 66.256,-. (kommunekassa - ikkje konsern). I dette talet er ikkje pensjonsforplikting medrekna.

Det generelle gjeldsnivået for kommunane i landet har auka vesentleg, og nivået må bli vurdert som høgt. Kommunane samla i fylket utanom Bergen har eit gjeldsnivå som ligg høgare enn landsgjennomsnittet.

Kommunen si brutto lånegjeld ved utgangen av 2013 er rekna til om lag kr. 410,6 mill., eller kr. 54.400,- pr. innbyggjar.

Oppsummering

Dei frie inntektene kan vere budsjetterte for høgt. Fylkesmannen legg til grunn at dei budsjetterte frie inntektene blir justerte til eit realistisk nivå i samband med budsjettrevisjon i juni d.å.

Kommunen har ikkje noko disposisjonsfond, det vil seie ingen driftsreserve. Det er viktig at kommunen opparbeider disposisjonsfond mellom anna som følgje av at kommunen vil få mindre utbytte etter 2014 og for å vere førebudd på mogleg høgare tilskot til private barnehagar.

Attst  ande rekneskapsunderskot fr   utgangen av 2012, kr. 18,1 mill., blir dekt inn i rekneskapsen for 2013. Vi legg til grunn at frigjorte midlar som følgje av bortfall underskotsindekning i 2014 (kr. 13,8 mill.) og mindreforbruk i   rsrekneskapsen for 2013 (om lag kr. 3,0 mill.) blir sett av til disposisjonsfond.

Kommunen har ikkje vedteke   konomiplan for perioden 2014 - 2017. Kommunen m   i juni gjere vedtak om   konomiplan for denne perioden som er i   rleg balanse.

Med helsing

Lars Sponheim

Rune Fjeld
ass. fylkesmann

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift

Gjenpart :

Nordhordland revisjonsdistrikt, Postboks 16, 5902 Isdalst  
Sekretariatsleiar for kontrollutval, Postboks 16, 5902 Isdalst  

